

[Namn]
[Adresse]
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Tilknyting av bygningen[ane] til kommunal [vass- og] avløpsleidning [gnr], [bnr]

Varsel om at kommunen vurderer å gje førelegg

(Blir til vanleg brukt i spesielle tilfelle når ein til dømes har grunn til å tru at tvangsmulkt ikkje vil ha nokon verknad. Årsaka kan vere at kommunen treng eit rettsgrunnlag for å utføre eit arbeid utan medverknad frå tiltakshavaren, til dømes fordi eit tiltak forureinar drikkevatt. Tvangsmulkt vil heller ikkje verke slik ho er tenkt dersom den ansvarlege ikkje har økonomi til å rette det ulovlege forholdet. Førelegg vil vere eit alternativ når den fastsette tvangsmulkta har vart over lengre tid utan at den ansvarlege har gjort noko for å rette det ulovlege forholdet. Kommunen vil kunne krevje at utgiftene til å gjennomføre pålegget, blir refunderte.)

Du har ikkje følgt pålegget av [xx.xx.xxxx] frå plan- og bygningsstyresmaktene (kommunen) om å knyte bygningen[ane] på eigedommen din til kommunal [vass- og] avløpsleidning innan [xx.xx.xxxx].

Vi varslar hermed om at dersom leidningen ikkje er knytt til den kommunale [vass- og] avløpsleidningen innan [xx.xx.xxxx - minst tre veker fram i tid] vil kommunen vurdere å følge opp pålegget med førelegg som har same verknaden som ein rettskraftig dom.

X kommune har tidlegare sendt deg vedtak om pålegg av [xx.xx.xxxx] med følgjande innhald:

[X] kommune pålegg eigedom [gnr] [bnr] å knyte bygningen[ane] til offentleg [vass- og] avløpsleidning, jf. plan- og bygningslova § 32-3.

Frist for tilknyting er sett til [xx.xx.xxxx].

Vi kan ikkje sjå å ha teke mot ferdigattest som syner at [vass- og] avløpsanlegget er vorte knytt til dei kommunale leidningane.

For å sikre at pålegget blir følgt kan kommunen gje eit førelegg, jf. plan- og bygningslova § 32-6.

Du blir hermed varsla om at kommunen vurderer å gje deg eit førelegg om plikt til å følge pålegget innan ein nærare fastsett frist, jf. plan- og bygningslova § 32-6.

I førelegget vil kommunen krevje at eigedom gnr. [xxx], bnr. [xxx] skal knytast til offentleg [vass- og] avløpsleidning. Førelegget vil kunne få same rettsverknad som ein dom og medføre at kommunen vil kople anlegget ditt til det offentlege nettet for di rekning.

Du vil kunne reise søksmål mot kommunen for å få prøvd førelegget. Dersom du ikkje reiser søksmål innan 30 dagar frå kunngjeringa, har førelegget same verknaden som ein rettskraftig dom. Kommunen vil då syte for at [vass- og] avløpsanlegget blir knytt til det kommunale nettet for di rekning.

Fristen for tilbakemelding på varsel om førelegg er sett til [xx.xx.xxxx *minst tre veker fram i tid*].

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [postmottak@\[x\].kommune.no](mailto:postmottak@[x].kommune.no).

Med helsing

.....
[Namn]
Leiar

.....
[Namn]
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Plan- og bygningslova §§ 27-1, § 27-2, 32-2 og 32-6
- [Tilkopling til privat avløpsleidning – forureiningslova § 23]
- [Fritidsbustad: arealdelen til kommuneplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan]